



Universitetsdirektørens kontor

Referanse

2014/6575-ANØY

Dato

12.09.2014

Universitetsbiblioteket sine merknader til Premiss: Kultur – Regional kulturplan for Hordaland

Hordaland fylkeskommune har gjort eit godt og grundig arbeid med utarbeiding av denne kulturplanen, og vi ser planen som eit godt grunnlag for å vidareutvikle fylket sitt kulturarbeid. I det følgjande har vi nokre mindre merknader til ein skilde punkt i planen med særleg interesse for Universitetsbiblioteket.

Kulturplanen drøfter samarbeid mellom dei ulike arkiva og fotosamlingane i fylket. Universitetsbiblioteket har spesialsamlingar som inneheld unikt arkivmateriale og viktige fotosamlingar. Til samlingane høyrer kvalifisert personale og klimakontrollerte magasin, for å sikre bevaringa av vår felles kulturelle arv. Diverre har vi ikkje konserveringsfagleg personale knytta til samlingane, men vi har, i samarbeid med Universitetsmuseet teke initiativ i høve til leiinga ved UiB for å greie ut om eit nærare samarbeid mellom biblioteket og museet her. Universitetsbiblioteket arbeider også med å gjere samlingane digitalt tilgjengelege for ålmenta, i tillegg til forskarar innan feltet.

I Kulturplanen heiter det, under pkt 4.6: «Ei utfordring når ein skal arbeide med dette materialet er at fotosamlingane er oppbevarte svært ulikt, og det er difor sett fram forslag om å samlokalisere samlingane.» Universitetsbiblioteket er gjerne med i drøftingar med tanke på å vere vertskap for fleire samlingar.

Kulturplanen har fleire målsettingar, og i Mål 24: Lokalhistorisk arbeid, punkt to bør det inn ei formulering som også inkluderer UiB, Historisk institutt/AHKR når det gjeld å utvikle lokalhistorisk kompetanse. Slik det står ser det ut til at berre arkiv, museet og bibliotek driver/skal drive denne formen for verksemd. (s. 47)

Framlegg:

«Det er makt knytt til å definere det kollektive minnet, og det er difor ei utfordring å sikre at dokumentasjon frå eit mangfald av folk og samfunnsliv vert bevart og gjort tilgjengeleg. Spesielt har ein ansvar for å sikre arkiv og gjere tilgjengeleg dokumentasjon av

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Universitetsbiblioteket
Telefon 55582532
Telefaks
post@ub.uib.no

Postadresse
Postboks 7808
5020 Bergen

Besøksadresse
Haakon Shetelig's plass 7
Bergen

Sakshandsamar
Ann Iren Østerbø Øye
5582532

marginaliserte grupper og kulturar i samfunnet. Det er difor ei målsetting å styrke det lokalhistoriske arbeidet gjennom å utvikle lokalhistorisk kompetanse i samarbeid med musea, biblioteka, AHKR/ UiB og lokalhistoriske miljø i fylket».

I målsetting 25 heiter det: «Den nasjonalt viktige rolla som Bergen og Vestlandet har i fotohistorisk tradisjon og forskning skal utviklast vidare». Vidare heiter det: «Dette vil også kunne vere med å styrke den spesielle rolla regionen har fått i det nyare norske fotografiske miljøet». Vi føreslær her eit tillegg: «Både gjennom at det kunsthistoriske fagmiljø ved UiB som har vore pionéarar i, og er i forskingsfronten innan fotohistorisk forskning og ved at den einaste høgskuleutdanninga for kunstnarleg fotografi i landet er lokalisert ved Kunsthøgskolen i Bergen.» I dette arbeidet samarbeider Universitetsbiblioteket med aktørar frå ulike delar av kulturfeltet, og det vil vi gjerne halde fram med.

I tilknytning til målsetting 35: «Bibliotekpersonale skal ha den kompetansen som er naudsynt for å nå mål, møte nye utfordringar og levere gode tenester til innbyggjarane» ser Universitetsbiblioteket store vinstar i eit auka samarbeid om kompetanseheving innan bibliotekfeltet, inkludert fagbiblioteka, til beste for alle innbyggjarane i Hordaland.

Kulturplanen inneheld eit eige punkt om bibliotek (pkt 5.8). Universitetsbiblioteket er interessert i å vere med å samarbeide med alle aktuelle aktørar her.

Med venleg helsing

Ane Landøy
fungerande bibliotekdirektør